

---

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** onsdag 19. februar 2020 09.45  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Vs: Midtmarka- Uttale til reguleringsplan  
**Vedlegg:** image001.jpg

---

Til Alver kommune

Områderegulering for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy – Uttale frå Alver senterparti

Områdereguleringa for Midtmarka opnar for om lag 3.000 bueiningar. Ved full realisering av planframlegget vil det det verta etablert ein ny tettstad på Flatøy, midt mellom Knarvik og Frekhaug. På sikt over 6.000 innbyggjarar.

Senterpartiet kan ikkje sjå at det er gjort demografiske analysar i planframlegget som viser behovet for ei slik omfattande utbygging i Alver kommune.

Alver senterparti meiner at bustadutbygginga i Alver kommune må skje gradvis i regionsenteret Knarvik og i lokal- og nærsentra som er vedtatt og kome med i intensjonsavtalen.

Knarvik vart alt peika ut som vekstsenter av Stortinget tidleg på 1960 -talet. Både Knarvik og Frekhaug er og peika ut som regionale og lokale vekstområde i Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2017-2028.

Områdereguleringa for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy vil kunne verka sterkt sentraliserande. Dette i eit område Alver kommune ikkje har peika på som eit vekstområde for bustadbygging.

Områdereguleringa vil såleis kunne undergrave den planlagte bustadbygginga i Knarvik og Frekhaug. Det må her peikast på at at dei mange utbyggingsprosjekta i Knarvik - Frekhaug som alt er inne i godkjende planar, men og i planar under regulering, viser omlag 4.500 bustadeiningar. I tillegg kjem større og mindre utbyggingsplanar i andre deler av Alver kommune.

Alver kommune skal no i gang med utarbeiding av Samfunnsdelen i ny kommuneplan og deretter arealdelen i kommuneplanen. I denne samanheng er det naturleg at Alver kommune ser nærare på behovet for bustader og næringsareal i heile Alver.

Styret i Alver Senterparti meiner at Områdereguleringa av Midtmarka og Rotemyra difor bør utsetjast til arbeidet med kommuneplanen for Alver er ferdigstilt.

Asbjørn Nagell Toft  
Leiar i Alver Senterparti

